

Referat frå foreldremøte i 5. klasse

Måndag 4.mai 2015 kl. 18.00

1. Kvardagen til 5. klasse

1. Annikken informerte litt om tanken bak arbeidsplan som metode. Me såg og på Blinken og målsjekken. Elevane veit kva mål dei skal jobba mot og vurderer sin forkunnskaper ved hjelp av «Blinken». Siste dag i veka tek elevane igjen fram «Blinken» for å vurdere kva dei no kan. Gjennom målsjekken vert dei testa i om dei har nådd måla me har sett for veka.

Aktivitetsplan

Det er mykje som skjer framover. Her er lagt ved ein aktivitetsplan for dagane som er att av skuleåret.

2. Neste år

Det vart snakka ein del kring usikkerheita knytt til diskusjonen om skulenedlegging. Me diskuterte tidspunkt for undervisning i Mat og Helse og tidspunkt for leirskule. Planen er at noverande 5.klasse har ansvar for Matstova kommande skuleår. Då kanskje samane med dagens 6.klassingar. Me vart samde om å diskutera leirskule på neste møte. Då veit me utfallet av den nye skuleorganiseringa.

3. Val av klassekontakt –vara til FAU

Marit Sæbø tek på seg denne oppgåva.

4. Leksehjelp

Det kjem ut ei påmelding til leksetilbodet kommande skuleår no i desse tider. Dei føresette var samde om at dei som ikkje ville nytta seg av tilbodet, og har krav på skyss heim, må få skyss etter skuleslutt. Samstundes syns gruppa at leksehjelp er eit tiltak ein kan sjå god nytte i.

5. Sosiale tiltak

Det kom ei rekke gode forslag om kva ein kan gjere saman som klasse. Me snakka om at vaksen kan vera med på å skapa venskap. Det me vart samde om var at me skal få til ei sommaravslutning. Denne avslutninga treng ikkje vera heilt på tampen av skuleåret. Ein lavvo på Myksvoll vart nemnd. Det vart og klatreskogen på Vabø. Veronica er klassekontakt og tek initiativ til å få til ein kjekk dag.

6. Saker til stort foreldremøte

Føresette var litt usikre på om dette vert rekna som ei konkret sak til det store foreldremøtet, men det var trekt fram at foredraga som har vore på dette møtet, har vore eit trekkplaster. Me veit at FAU har mykje å henga fingrande i for tida og at foredrag til foreldregruppa kanskje ikkje er høgast prioritert. Men budskapet er at desse foredraga har vore me på å trekka mange føresette til det store foreldremøtet, og me vil gjerne ha meir slik kursing.

Føresette vil og få sagt at dei set pris på dei «kjekke dagane» på skulen, trivselsdagen, prosjektveker og liknande der elevane for eit avbrekk frå kvardagen. Det vart og kommentert at dei aldersblanda gruppene er noko som er verdsett.

7. Ymse

Telefonliste

Ei telefonliste til dei føresette vart etterspurd. Ei slik liste ligg ved dette referatet.

Reknemetodar

Me snakka om litt om ymse reknemetodar, til dømes metode for gangning og deling.

Annikken